



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 26.06.2018  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Erlend Krumsvik	Anders Egil Straume	KRF
Øyvind Festø, møte kl. 14.50	Jørgen Amdam	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Rune Totland	Teknisk sjef OS 99/18 og OS 101/18
Lars Fjærvold	Ingeniør teknisk sektor OS 99/18
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann OS 102/18
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef OS 105/18
Heidi Istad	Planleggar OS 105/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar OS 105/18



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 111/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 112/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 119/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 98/18	<b>Presentasjon frå byggenemnda om arbeidet med kulturhus</b>
OS 102/18	<b>Eigedomen "Pleieheimen" - Volda Sanitetslag</b>
OS 99/18	<b>Vidare saksgang hovudreinseanlegg Volda sentrum</b>
OS 101/18	<b>Notat til Volda Formannskap 26.06.2018 Vidare saksgong Flaumførebygging melshornsida.</b>
OS 103/18	<b>Lokalisering av ambulansestasjon</b>
PS 114/18	<b>Tilskot til Volda Rullarlaug AD</b>
PS 115/18	<b>Månadsrapport mai 2018</b>
PS 116/18	<b>Søknad om økonomisk støtte til kulturelt arrangement i Volda sentrum 2. juni 2018</b>
OS 105/18	<b>Kommuneplanen sin arealdel - gjennomgang av førebels konsekvensanalyse</b>
PS 117/18	<b>Kompensasjonsmidlar for høgre arbeidsgjevaravgift – disponering</b>
PS 118/18	<b>Tv-aksjonen 2018 - oppretting av kommunekomiteé</b>
PS 120/18	<b>Aarflot Prenteverk AS - Annonse til magasinet Velkomen til Volda</b>
OS 104/18	<b>Opparbeiding av Øvre Rotset næringsområde</b>
OS 100/18	<b>Referat frå felles ordførar- og rådmannsmøte i 7-stjerna 15.06.18</b>



## VOLDA KOMMUNE

### PS 111/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Handsaming:

#### Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Ettersende dokument 25.05.2018:

Aarflot Prenteverk AS – Annonse til magasinet *Velkomen til Volda kommune*.

Dokument utdelt i møtet:

Notat til Volda formannskap 26.06.2018. Vidare saksgong Flaumførebygging Melshornsida.

#### Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om følgjande endringar og tillegg til oppsett sakliste:

- OS 98/18 og OS 99/18 vert handsama først i møtet.
- Ettersendt sak vedk. annonse til magasinet Velkomen til Volda, vert sett på saklista.
- Notat til Volda formannskap 26.06.2018. Vidare saksgong Flaumførebygging Melshornsida, vert sett på saklista.
- Orientering om lokalisering av ambulansestasjon.

Rådmannen vil orientere om «Sanitetshuset» og utbygging av Øvre Rotset næringsområde.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om PS 113/18 *Kommuneplanen sin arealdel – gjennomgang av førebels konsekvensanalyse*, burde vore sett på saklista som ei orienteringssak? Saka vart endra frå politisk sak til orienteringssak.

#### Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg og endring frå ordføraren, rådmannen og Gunnar Strøm, vart samrøystes godkjent.

### PS 112/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Handsaming:

#### Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 19. juni 2018 vart samrøystes godkjent.



## **VOLDA KOMMUNE**

### **PS 119/18 Orienteringssaker**

#### **OS 98/18 Presentasjon frå byggenemnda om arbeidet med kulturhus**

Leiar for byggenemnda, Jan Henning Egset, orienterte om arbeidet til byggenemnda vedk. kulturhus og kino.

Torkjell Bruvoll Lavoll, frå Nordplan, orienterte om det førebelse skisseprosjektet.

Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til vidare arbeidet.

#### **OS 102/18 Eigedomen "Pleieheimen" - Volda Sanitetslag**

Rådmannen og ass. rådmann Asbjørn Moltudal orienterte status og prosess kring Volda Sanitetslag sin eigedom «Pleieheimen». Eigedomen ligg i eit alternativt område for nytt hovudreinseanlegg for Volda sentrum.

#### **OS 99/18 Vidare saksgang hovudreinseanlegg Volda sentrum**

Teknisk sektor, ved Lars Fjærvoll, orienterte om status for saka og om vidare prosess. Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til administrasjonen.

#### **OS 101/18 Notat til Volda Formannskap 26.06.2018 Vidare saksgong Flaumførebygging melshornsida.**

Dokumentet vart delt ut i møtet.

#### **OS 103/18 Lokalisering av ambulansestasjon**

Ordføraren orienterte om at Helse Møre og Romsdal HF vil flytte ambulansestasjonen og legevakta til Ørsta. Det er brei semje politisk at lokaliseringa bør vere nær Volda sjukehus. Ordføraren vil arbeide vidare med saka.

#### **PS 114/18 Tilskot til Volda Rullarlaug AD**

**Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

*Volda kommune gir eit tilskot til Volda Rullarlaug AS på kr. 51 300 for 2018.*

*Tilskotet vert finansiert av formannskapet sine reserverte løyvingar for 2018. Restramme på løyvingar etter vedtak er då kr. 213 700.*

### **Handsaming:**

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 26.06.2018:**

*Volda kommune gir eit tilskot til Volda Rullarlaug AS på kr. 51 300 for 2018.*

*Tilskotet vert finansiert av formannskapet sine reserverte løyvingar for 2018. Restramme på løyvingar etter vedtak er då kr. 213 700.*

### **PS 115/18 Månadsrapport mai 2018**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Månadsrapport for mai 2018 vert teke til vitande*

### **Handsaming:**

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 26.06.2018:**

*Månadsrapport for mai 2018 vert teke til vitande*

### **PS 116/18 Søknad om økonomisk støtte til kulturelt arrangement i Volda sentrum 2. juni 2018**

**Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

*Formannskapet finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden om økonomisk støtte til arrangementet «Linderock» i Volda sentrum.*

### **Handsaming:**

Gunnar Strøm kom med slikt alternativt framlegg:

- 1. Formannskapet er positiv til initiativet Linderock*
- 2. Formannskapet gir 20.000 i støtte*
- 3. Dekning: formannskapets reservepost.*

### **Røysting** (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Gunnar Strøm og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget frå Gunnar Strøm fekk sju røyster og vart vedteke, tilrådinga frå administrasjonen fekk to røyster (Jørgen Amdam og Erlend Krumsvik) og fall.

### **Vedtak i formannskapet - 26.06.2018:**

- 1. Formannskapet er positiv til initiativet Linderock*
- 2. Formannskapet gir 20.000 i støtte*
- 3. Dekning: formannskapets reservepost.*

Ordførar Jørgen Amdam fekk permisjon kl. 14.50 og vara Øyvind Festø tok sete. Sølvi Dimmen tok sete som varaordførar.

### **OS 105/18 Kommuneplanen sin arealdel - gjennomgang av førebels konsekvensanalyse**

Planleggarane Heidi Istad og Regine Solberg Aklestad orienterte.

Formannskapet vart oppmoda til å velje ein representant frå formannskapet til møte i Regionalt planforum 29. august i Molde. Formannskapet var samde om å oppnemne ein representant i neste formannskapsmøte.

### **PS 117/18 Kompensasjonsmidlar for høgre arbeidsgjevaravgift - disponering**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Formannskapet syner til at det etter at Stiftelsen Kontoret for Næringslivet vart sletta ikkje er gjort vedtak om kva organ som disponerer kompensasjonsmidlane for høgre arbeidsgjevaravgift.*



## VOLDA KOMMUNE

- 2. Formannskapet vedtek at ledige midlar frå kompensasjonsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i Volda vert å disponere av styret for Volda næringsforum ved protokollerte vedtak og at kommunen utbetaler midlar i samsvar med pkt. 3 i rammene for bruken (jfr. Vedlegg nr. 1). Før utbetaling skjer vert vedtaket om utbetaling å legge fram for formannskapet til orientering*

### **Handsaming:**

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 26.06.2018:**

- 1. Formannskapet syner til at det etter at Stiftelsen Kontoret for Næringslivet vart sletta ikkje er gjort vedtak om kva organ som disponerer kompensasjonsmidlane for høgare arbeidsgjevaravgift.*
- 2. Formannskapet vedtek at ledige midlar frå kompensasjonsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i Volda vert å disponere av styret for Volda næringsforum ved protokollerte vedtak og at kommunen utbetaler midlar i samsvar med pkt. 3 i rammene for bruken (jfr. Vedlegg nr. 1). Før utbetaling skjer vert vedtaket om utbetaling å legge fram for formannskapet til orientering*

### **PS 118/18 Tv-aksjonen 2018 - oppretting av kommunekomité**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda formannskap vel..... til komitéleiar.*

### **Handsaming:**

Gunnar Strøm kom med framlegg om varaordførar, Sølvi Dimmen.

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå Gunnar Strøm, vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 26.06.2018:**

*Volda formannskap vel Sølvi Dimmen til komitéleiar.*



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 120/18 Aarflot Prenteverk AS - Annonse til magasinet Velkommen til Volda**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

#### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt 25.06.2018.

Varaordfører Sølvi Dimmen kom med slikt framlegg:

*Formannskapet løyver kr. 9595 til ei halvside annonse i Velkommen til Volda, med dekning i formannskapets reservepost.*

#### **Røysting:**

Framlegget frå varaordføraren vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 26.06.2018**

*Formannskapet løyver kr. 9595 til ei halvside annonse i Velkommen til Volda, med dekning i formannskapets reservepost.*

### **OS 104/18 Opparbeiding av Øvre Rotset næringsområde**

Rådmannen orienterte om planar for opparbeiding av Øvre Rotset næringsområde. Formannskapet får saka til handsaming, som politisk sak, til hausten.

### **OS 100/18 Referat frå felles ordførar- og rådmannsmøte i 7-stjerna 15.06.18**

Møtet slutt kl. 16.35

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
27.06.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent